

NORSK ETNOLOGISK GRANSKING

Emnenr. 7

Fylke: Vest-Agder.

Tilleggsspørsmål nr.

Herad: Hidra.

Emne: Skav.

Bygdelag:

Oppskr. av: Andreas Ropeid

Gard:

(adresse):

G.nr.

Br.nr.

A. Merk av om oppskrifta er etter eiga røynsle.

B. Eller om den er etter andre heimelsmenn: (ta også med alder, heimstad, yrke):

Avskrift or brev frå lektor Albert Myhre 5/12 1960.

SVAR

"Ja, dei skov sakte heime i min barndom, og me ungane var så leie av den evindelege skovveden, som me måtte vera med og få fram, og jamvel skava. Når ein spør etter grunnane til at skavinga tok slutt, så spør det om ikkje den yngste generasjon har ein del av skulda, For jamen fekk ikkje far høyra litt mukking om den tåpelege skavinga, som ikkje høyde heime i vår opplyste tid med rasjonelt jordbruk.

Eg kan gje deg ei tilleggsopplysning frå Hidra. Me sa aldri annan enn "skovved", aldri skaveved, som eg ser din heimelsmann frå Hidra har meldt. Min heimegard ligg på Kvannvik, på Hidreheia, og heia har ikkje vore så langt "framme" som öyna, men har halde meir på eldre, opphavleg målform. Når eg sit og prøver å hugsa uttalen, får eg det til at me sa "skove", eller korleis eg nå skal skriva den gamalvorne uttalen me skal ha restar av, med både lang vokal og lang (eller halvlang) konsonant.

- Det er ingen grunn til å tvila på at E.S. (!) har gjeve att seiemåten på öyna; det var så likt dei !"